

Ein kan no søka om lågare pris på SFO dersom husstanden samla har låg inntekt.

1. august 2021 blir det innført ny forskrift om foreldrebetaling for SFO. Ordninga gir lågare pris om husstanden samla har låg inntekt, og gjeld for 1.-4. trinn frå skuleåret 2021-2022.

Den nye forskrifta skal lyde:

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2021-06-20-2116>

Du får ikkje automatisk lågare pris på SFO om du har låg inntekt. Du må sjølv søka om å få redusert pris. Ein søker om redusert pris via Visma flyt skule under «søknader». Søknadsskjema er tilgjengeleg i Visma.

Kven kan søkja om redusert foreldrebetaling?

Skuleåret 21-22 kan husstandar med samla brutto årsinntekt under 549 100,- kr kan søka om redusert pris.

Inntekt som blir lagt til grunn

Foreldrebetaling for SFO blir rekna ut frå husstanden si samla skattepliktige kapital- og personinntekt. Ein husstand skal maksimalt betala 6% av si samla inntekt for kvart barn.

Definisjonen på ein husstand er ektefeller, registrerte partnerar eller sambuarar.

To ugifte personar over 18 år som bur saman, og har budd saman i ekteskapsliknede forhold i minst 12 av dei 18 siste månadane, blir rekna som sambuarar.

Om barnet ikkje bur fast hos begge foreldra, er det den av foreldra som har barnet folkeregistrert hos seg som kan søka, og som er den husstanden foreldrebetalinga skal reknast ut frå.

Søknadsfrist

Ordninga med redusert betaling er gjeldande frå 1.august 2020 for 1.-2.trinn og frå 1.august 2021 for 3.-4.trinn.

For søknadar før 1.august vil ordninga gjelde frå 1. august og ut skuleåret.

Blir det søkt etter 1. august, gjeld vedtaket frå første heile månad etter søknadstidspunktet og ut skuleåret. (Jf. §1B-1 i forskrift til opplæringslova)

I skuleåret 2021-2022 vil søknader innan 15.september få tilbakeverkande kraft for barn 3.-4.trinn, og ein prisreduksjon vil gjelda frå 1. august. For søknader som vert sendt etter 15.september gjeld nasjonal forskrift, og eit vedtak om prisreduksjon vil gjelda frå første heile månaden etter at søknaden er mottatt.

Du kan søka om redusert foreldrebetaling heile året. Eit vedtak om redusert betaling gjeld frå månaden etter at søknad med fullstendig dokumentasjon er mottatt, og gjeld ut skuleåret.

Hugs at du må senda ny søknad for kvart skuleår.

Slik søker du

Sjå til at du har relevant dokumentasjon tilgjengeleg.

Du må leggja med skattemeldinga for førre likningsår for dei vaksne i husstanden. Om inntekta er annleis enn det kjem fram av skattemeldinga, må du og leggja med dokumentasjon som syner dette. Det kan t.d. vera kopi av lønsslipp eller utbetaling/vedtak frå nav.

Du kan leggja dokumenta med som digitale filer til søknadsskjema, eller du kan senda kopiar til skulen per post. Skulen kan ikkje behandla søknaden din før me har motteke dokumentasjon på inntekta til heile husstanden.

Logg inn på Visma flyt skule. Det ligg link på heimesida til skulen.

Vel «søknad», og «reduisert betaling søknad»

Kva skjer vidare?

Skulen behandlar søknaden din i samarbeid med økonomiavdelinga i kommunen.

Når søknaden er behandla får du e-post med eit kort svar. I tillegg finn du vedtaket under fana «dokumenter» i Visma. Om søknaden er godkjend, får du informasjon om mykje du skal betala for SFO-plassen.

Om dokumentasjonen er mangelfull eller du ikkje oppfyller kriteria, vil du få eit brev med avslag.